



# ESPERANTO-NYTT

*Informasjonsblad*

*frå Norsk Esperanto-Forbund 3/2022, haust*

## **Mummi-bøker no på esperanto**

Det britiske esperantoforbundet har skrivne under kontrakt om å gje ut sju av dei klassiske Mummi-trollbøkene av Tove Jansson. Først ute er boka som på norsk heiter *Kometen kommer* og i esperanto-språkdrakt har fått namnet *Kometo en Muminvalo*.

Boka er omsett av den svenske forfattaren Sten Johansson og støtta m.a. av det finske esperanto-fondet. Sjølv om Mummi-bøkene ofte blir sette på som barnebøker, meiner forlaget også meir vaksne lesarar vil ha stor glede av serien. *Kometo en Muminvalo* er tilgjengeleg hos mange internasjonale nettbokhandlarar.

## **Nesten 100 land representerte på virtuell verdskongress**

Nesten 1500 personar frå 98 land deltok i slutten av november på den tredje virtuelle verdskongressen til UEA (Esperanto-verdsforbundet). Programmet, som gjekk over fire dagar, inneheldt faglege og kulturelle føredrag, litteratur-presentasjonar, konsertar, diskusjonar og spel. Dei fleste sesjonane var interaktive, og deltakarane hadde høve både til å stille spørsmål og kome med egne innspel.

Ambisjonen er at UEA skal halde fram med to årlege kongressar, ein i hovudsak fysisk om sommaren og ein digital vinterstid.

## **Banebrytande fagleg verk publisert**

Ein omfattende monografi om Esperanto som språklig fenomen er komen ut på forlaget John Benjamins Publishing. Boka heiter *Esperanto – Lingua Franca and Language Community* og er skriven med støtte frå EUs sjuande rammeprogram for forskning.

Forfattarane Sabine Fiedler og Cyril Robert Brosch drøfter m.a. korleis Esperanto blir nytta i dag, i kva grad det faktiske språket skil seg frå det ein finn i lærebøkene, og korleis kulturell bakgrunn påverkar språkbruken.

---

Norsk Esperanto-Forbund, Olaf Schous vei 18, 0572 Oslo, tlf. 22 35 08 94  
Heimeside: [esperanto.no](http://esperanto.no)  
E-post: [inform@esperanto.no](mailto:inform@esperanto.no)

*ESPERANTO: LETTLÆRT OG LEVANDE*